

Framdrift 2015 - statusrapport

Dato: 11.02.2016

Skriven av: Ole Dalen, prosjektleiar

Bakgrunn


Tokke kommune har motteke tilskot for gjennomføring av prosjektet "Attraktiv nærings- og kompetansestruktur", som har arbeidsnamnet ByR Vest-Telemark. Det er kommunane Vinje, Tokke, Kviteseid, Fyresdal, Nissedal og Kviteseid som samarbeider om prosjektet, og arbeidet vert koordinert gjennom Vest-Telemarkrådet.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet ber om årleg rapport med kortfatta skildring avfylgjande punkter:

- 1 Eventuelle organisatoriske endringar i høve til prosjektplanen
- 2 Evt. presisering av mål for prosjektet
- 3 Skildring av aktivitetene fram til nå
- 4 Vurdering av framdriften i arbeidet i forhold til prosjektplanen

1 Organisatoriske endringar

Prosjektet har endring i organiseringa. Kort kan ein sett dette opp slik:



Leiinga i prosjektet er som opphavelag planlagt, og dei øvrige aktørane som tidlegare var sett opp i prosjektgruppe, er nå deltakerar i arbeidsgruppene.

2 Presisering av mål for prosjektet

Det er ingen endringar av målsettinga som er presisert slik:

- Utvikle sterke regionale "motorar" i alle regionens kommunesentra som verkar attraktive for rekruttering av arbeidstakerar og utvikling av eksisterande og nytt næringsliv og næringskjeder.
- Utvikling av solid kompetansemiljø som kan representere spisskompetanse på respektive fagfelt til beste for heile regionen for å auke det økonomiske samspelet mellom næringsmiljøa.
- Styrke samarbeidet mellom offentleg og privat sektor i skjeringspunktet mellom lokale næringshagar og kommunal samfunnsutvikling og tenester.
- Auke regionens bustadsattraktivitet gjennom erfaringsutveksling der ein koplpar ein attraktiv arbeidsmarknad med varierte bumiljø i heile regionen.

3 Skildring av aktivitetane fram til nå

- Som eit ledd i å få solid kompetanse knytt til regionen, saman med å få godt samspel mellom næringsmiljøa, er det gjennomført ei utlysing for konsulentbistand. Prosjektet har sikra seg spisskompetanse og prioritert kapasitet fram til prosjektslutt i 2017.
- Ein har etablert prosjektorganisering som sikrer effektiv gjennomføring av konkrete tiltak, med forankring i både offentlig og privat sektor.
- Styringsgruppa har delteke på nasjonal samling ByR 2.-3. Februar 2016.02.11
- Prosjektleiar er presentert for nye folkevalde i kommunane (kommunestyra) om prosjektet
- Det er etablert planar for nye næringshagar på Dalen, Rauland og Seljord i 2015.
- Prosjektet er presentert i planforum hjå Fylkeskommunen
- Det er gjennomført tri rapportar knytt til arbeidspakkene:
 - Kartlegge dagens miljø og aktørar, og dei ulike arbeidsoppgåvene som må løysast av aktørane, byggselskap (eigar), driftselskap (dagleg drift) næringshageselskap (innhaldsselskapet) m/SWOT-analyse. Peke på svakheter og styrker med måten det er organisert på.
 - Kartlegging. Ein må mellom anna sjå på personalressursar i næringshagane, kva tilbod dei har, kva som kan styrkast og kva ein har godt dekt inn. Ein skal avdekke om der er dobbeltarbeid og om det er andre i statleg, fylkeskommunalt eller kommunalt miljø som jobbar dobbelt. Ein skal også undersøke om det er private aktørar som ein bør forholde seg til i vidare samarbeid mellom næringshagane.
 - Komparative fortrinn. Kartlegge fortrinna, spesialitetar og særtrekk til næringsmiljøet i den enkelte kommune, korleis dette kan nyttast inn i arbeidet i dei ulike næringshagane, og skape felles forståing for samspelet i regionen.

Rapportane er levert av tri ulike aktørar som er knytt til prosjektet. Meir informasjon ligg på <http://blogg.oledalen.no>

4 Vurdering av framdrifta i arbeidet i forhold til prosjektplanen

Framdrifta på arbeidet går per dato etter planen.

Kontakt:

Ole Dalen, prosjektleiar
Vest-Telemarkrådet
M: 41423433
E: od@vest-telemark.no

Gunhild Austjord, prosjektansvarleg
Tokke kommune som søkarkommune
M: 488 67 026
E: gunhild.austjord@tokke.kommune.no

Informasjon frå prosjektarbeidet

Sjå også <http://blogg.oledalen.no> for meir informasjon.